



Lasse André Dale
Melandsvegen 331
5918 FREKHAUG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1484 - 16/11397

Saksbehandlar:

Marianne Aadland Sandvik

marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.

no

Dato:

08.06.2016

Godkjenning - GBNR 16/2, 5 - Løyve til oppføring av silo og utviding av port

Administrativt vedtak. Saknr: 180/2016

Tiltakshavar:

Lasse André Dale

Søknadstype:

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4 b).

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Saka gjeld søknad om oppføring av silo og utviding av port på eksisterande fjøs på gbnr. 16/2, 5, Melandsvegen 331.

I følgje matrikkelen har gbnr 16/2, 5 eit samla areal på om lag 411 daa. I søknaden er det opplyst at siloen vil ha ein storleik på 16 m² BRA.

Det vert elles vist til søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett, journalført motteke 27.5.2016.

VURDERING:

Nabovarsling:

Tiltaket er ikkje nabovarsla då tiltakshavar har vurdert det slik at det omsøkte tiltaket ikkje berører andre naboar. Administrasjonen har ingen merknadar til denne vurderinga, og finn at nabovarsling kan utelatast i dette tilfellet, jf. pbl § 21-3 andre ledd.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Lov- og plangrunnlag:

Eigedomen er uregulert, men er sett av til landbruk-, natur- og friluftsmål (LNF) i arealdelen til kommuneplanen. Oppføring av silo i tilknytning til eksisterande fjøs, samt utviding av port, er difor i samsvar med arealformålet.

Plassering- og avstand til nabogrense:

Plassering er i samsvar med pbl § 29-4 andre ledd. Kommunen godkjenner difor plassering av siloen 14,5 meter frå nabogrensa mot vegen, som vist på vedlagte situasjonskart journalført motteke 27.5.2016.

Visuelle kvaliteter:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med teikningar journalført motteke 27.5.2016. Kommunen vurderer at tiltaket stettar krava i pbl §§ 29-1 og 29-2.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av pbl § 20-1 løyve til oppføring av silo og utskifting av port på eksisterande fjøs på gbnr. 16/2, 5. Plassering og utforming av tiltaket skal vere som vist på situasjonsplan og fasade-, snitt og planteikningar journalført motteke 27.5.2016.

Dei opplysningane om byggjetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf. matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at løyve er gjeve, fell løyvet vekk. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i meir enn to år, jf. pbl § 21-9. Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, med mindre noko anna går fram av vurderinga over eller gjennomtidlegare godkjenning.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i forvaltningslova (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Føretak som har fått avslag på søknad om ansvarsrett har særskilt rett til å klage over dette vedtaket. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga vert ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. fvl §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det ver kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik
Juridisk rådgjevar byggjesak

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett GBNR 16/2, 5

Kart

Teikningar

Mottakere:

Lasse André Dale

Melandsvegen 331 5918

FREKHAUG